

## **Saksprotokoll i rådet for menneske med nedsett funksjonsevne - 02.11.2016**

*Orientering om opplæringsavdelinga sitt arbeid med dysleksivenlege skular – opplæringsavdelinga v/ spesialrådgjevar Akylina Samara og seksjonsleiar Janne Lisen Ringdal Strøm*

*Orientering om regional transportplan – samferdselsavdelinga v/ spesialrådgjevar Marte Hagen Eriksrud*

**May Eva Sandvik, H**, sette fram slikt forslag:

«Rådet ber om at høyringa til Regional transportplan vert teke opp som sak i rådet for menneske med nedsett funksjonsevne innan høyringsfristen.»

**Kjell Søvik, FFO**, sette fram slikt forslag:

«Det etterlysast ein oversikt over tunnelar som er under 500 m, som og skal brukast av gåande og syklande. Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne ønskjer ein plan over opprusting, der ein ser på fysiske skille mellom harde og mjuke trafikantar.»

### **Røysting**

Sandvik sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Søvik sitt forslag vart samrøystes vedteke.

### **Vedtak**

Rådet ber om at høyringa til Regional transportplan vert teke opp som sak i rådet for menneske med nedsett funksjonsevne innan høyringsfristen.

Det etterlysast ein oversikt over tunnelar som er under 500 m, som og skal brukast av gåande og syklande. Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne ønskjer ein plan over opprusting, der ein ser på fysiske skille mellom harde og mjuke trafikantar.

*Orientering om Tertnes vgs (forprosjekt) – eigdomsavdelinga v/ overingeniør Svein H. Kjellevold*

**Kjell Søvik, FFO**, sette fram slikt forslag:

«Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne ber om at det i brukarprosessen vert sett av plass til brukarar med spesielle behov.

Medlemar av rådet stiller seg til disposisjon i brukarutval.»

### **Røysting**

Søvik sitt forslag vart samrøystes vedteke.

### **Vedtak**

Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne ber om at det i brukarprosessen vert sett av plass til brukarar med spesielle behov.

Medlemar av rådet stiller seg til disposisjon i brukarutval.

*Orientering om fylkesrådmannen sitt forslag til budsjett 2017 – økonomiavdelinga v/ seksjonsleiar Nils Egil Vetlesand*

*Årsmelding 2017*

**Kjell Gitton Håland, A**, sette fram slikt forslag:

«Arbeidsutvalet utarbeidar utkast til årsmelding for 2017 med sikte på handsaming i møte 1. februar 2017.»

**Røysting**

Håland sitt forslag vart samrøystes vedteke.

**Vedtak**

Arbeidsutvalet utarbeidar utkast til årsmelding for 2017 med sikte på handsaming i møte 1. februar 2017.

*Orientering om førespurnad frå Deltasenteret – Kjell Søvik, FFO*

Deltasenteret ønskjer ei samling i Bergen i mai 2017 vedkommande «Nettverk for universell utforming i kollektivtrafikken. Det vert eit samarbeid mellom Deltasenteret og samferdselsavdelinga i Hordaland fylkeskommune, der rådet for menneske med nedsett funksjonsevne kan få tildelt oppgåver som vertsskap.